



Lars Sætre
Birkebeinergaten 1
5003 BERGEN

Dato: 07.07.2021
Vår ref.: 21/02462-68

Ikkje offentleg jf. Offl § 13, fvl § 13.1

Svar - klage på takst eigedomsskatt gnr. 351 bnr. 1 festnr. 6

Syner til klage vedrørande eigedomsskatt på eigedom 351/1/6. Klagen er handsama av sakkunnig nemnd i Voss herad, som i møte 22.06.21 har gjort følgjande vedtak:

Eigar ber i klage datert 12.04.21 om at kjellaren på 25 m² vert fjerna frå takstgrunnlaget. Kjellaren er ein uinnreidd råkjellar med ubehandla golv av råbetong og veggjar av ubehandla Leca-blokker. Den har ikkje tilgang frå hovudetasjen, berre ei enkel eiga kjellardør under verandaen. Eigar skriv vidare at ytre faktor er for høg. Den nye 132 kV-kraftlina frå Kjønnergard til Myrkdalen går rett over det sør-austre hjørnet av tomta. Frå før går den gamle 132 kV-lina med master og leidningar gjennom Langedalen til VE-stasjonen på Kjønnergard, som ein del av utsynet mot sør. Hytta er næraste og langs lina første råka nabo av Voss Energi sin koplingsstasjon på Kjønnergard. Det er og komme ein gruslagd riggplass som næraste nabo mot sør (tidlegare utmark). Dersom det utgreidde alternativet for ny E16 på sørsida av Oppheimsvatnet vert valt, vil tunnelmunninga (frå vest) komma rett under garden Ødegård (351/1) og skjera rett over jordet mellom vår eigedom og Vasstrondvegen, om lag 25 meter frå nord-vestre hyttehjørnet, og slik øydeleggja gardsvegen som er tilkomsten til hytta.

Eigar skriv også at han ikkje fekk høve til å vere med på synfaring frå Jeessaa AS, då dei ikkje etterlevde avtalen dei tidleg inngjekk med han om det.

Sakkunnig nemnd har kontrollert opplysningane som ligg til grunn for taksten og sett på foto frå synfaring frå 06.08.20.

Grunnlaget for taksten er fritidsbygg med bygningsnummer 9722114, samt tomt på 1 000 m². Indre faktor er vurdert til 0,65, og det er tatt omsyn til manglande vatn og avlaup. Ytre faktor er vurdert til 0,95, med reduksjon for avstand til bilveg.

Sakkunnig nemnd har vurdert eigedomen på nytt, og gir delvis medhald i klage.

Ytre faktor er no endra frå 0,95 til 0,85, grunna dei eksisterande 132 kV-linene som ligg tett opptil eigedomen. Taksten for 2021 tek ikkje omsyn til mogleg framtidig veg- og kraftlineutbygging, men eigar kan krevje omtaksering av eigedomen etter at slik utbygging har skjedd.



Voss herad

Kjellararealet er kontrollmålt på teikningar i heradet sitt byggesaksarkiv, og er ikkje endra. Etasjefaktor på 0,2 tar omsyn til at areal i kjellarar ikkje er i bruk som buareal.

VEDTAK:

Sakkunnig nemnd gir delvis medhald i klage og endrar taksten frå kr 937 000,- til kr 839 000,-

Vedlagt dokument "Detaljert grunnlag takst og skatt" viser opplysningane som er lagt til grunn for taksten.

Klaga vert sendt vidare til handsaming i sakkunnig klagenemnd.

For ordens skuld vert det gjort merksam på at vedtak i sakkunnig klagenemnd er endeleg, og berre kan overprøvast av domstolane. Dette følgjer av eigeomsskattelova § 23 jf. skatteforvaltningslova § 15-4.

Vedtaket medfører at du har betalt inn for mykje eigeomsskatt for 2021. Beløpet vil bli kreditert på neste faktura på kommunale avgifter/eigeomsskatt.

Spørsmål vedrørande vedtaket kan rettast til Voss herad på telefon 56 51 94 00.

Med vennleg helsing
Elisabeth Blomli Såkvitne
Nestleiar for sakkunnig nemnd

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur